



Informasjonssenteret Hieronimus

Boks 1752 5816 Bergen

Tlf 55560304

Web: hieronimus.org

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep

0030 Oslo

postmottak@hod.dep.no

Lonevåg, 6. januar 2013

Høringsfråsegn frå Informasjonssenteret Hieronimus om «endringer i psykisk helsevernloven – varslng av fornærmede og etterlatte ved endringer i gjennomføring og opphør av dom på overføring til tvungent psykisk helsevern, adgang til nattelåsing av pasientrom mv.»

Me er imot all nattelåsing av rom på regionale tryggingssavdelingar og på eining med særleg høgt tryggingssnivå. Dette er eit tiltak som kan vera sterkt angstskapande, og som lett kan brukast av personalet for å hemna seg på tvangsinnlagde personar som ikkje underkastar seg slik personalet vil. For oss er kampen for rettane til menneske med angst og depresjon vårt hovudfokus.

Me er òg imot alle former for varslng av fornærma og etterlatne, då dette representerer ei utholing av teieplikta. Det er eit stort steg i feil retning, for teieplikta burde ha vore langt strengare enn ho er i dag, og denne utholinga gjer allereie at til dømes det pasienten seier i fortrulege samtalar med lækjar og psykolog, kan hamna hjå NAV og forsikringsselskap.

I tillegg vil varslng av fornærma og etterlatne ved «endringer i gjennomføring og opphør av dom på overføring til tvungent psykisk helsevern» forsterka trakassering, stigmatisering og utfrysing av denne gruppa i lokalsamfunnet, og Staten gjer seg sjølv til handlangar for mobbarar ved eit slikt tiltak.

Venleg helsing

Arve Kirkevik

Styremedlem i Informasjonssenteret Hieronimus

www.hieronimus.org